



Sentraladministrasjonen

Kulturavdelinga

1.0	Innleiing.....	3
	1.1 Bakgrunn for planen	
	1.2 Formål	
	1.3 Planen si oppbygging	
2.0	Definisjonar.....	4
	2.1 Anleggstypar	
	2.1.1 Ordinære anlegg	
	2.1.2 Nærmiljøanlegg	
	2.1.3 Forenkla anlegg	
	2.1.4 Universell utforming	
	2.1.5 Estetikk	
3.0	Statlege, regionale og kommunale mål og prioriteringar knytte til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.....	5
	3.1 Statlege mål og prioriteringar	
	3.1.1 Statleg anleggspolitikk	
	3.1.2 Statleg handlingsplan for fysisk aktivitet	
	3.1.3 St.meld. nr 39 ” Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet”	
	3.2 Regionale (fylkeskommunale) mål og prioriteringar	
	3.2.1 FINK – idrett	
	3.2.2 FINK – friluftsliv	
	3.3 Bjerkreim kommune sine prioriteringar, mål og tiltak	
4.0	Idrett og friluftsliv i Bjerkreim kommune.....	8
	4.1 Idretten	
	4.1.1 Ulike lag med idrett som hovudaktivitet	
	4.1.1.1 Bjerkreim idrettslag	
	4.1.1.2 Bjerkreim skyttarlag	
	4.2 Friluftslivet	
	4.3 Strategiar for samarbeid med frivillig sektor og andre	
	4.3.1 Lag og foreiningar	
	4.3.2 Tverretatleg samarbeid og samarbeid med andre aktørar	
5.0	Eksisterande anlegg i Bjerkreim kommune.....	11
	5.1 Idrettsanlegg	
	5.2 Området tilrettelagt for friluftsliv og nærmiljøaktivitetar	
	5.3 Orienteringskart	
6.0	Prosjekt som fekk spelemidlar i sist planperiode, 2002 – 2006.....	13
7.0	Innkomne forslag til nye anlegg innan idrett og friluftsliv.....	14

8.0	Framleis aktuelle anlegg/ tiltak som ikkje blei realisert i sist planperiode.....	14
9.0	Behovsanalyse, satsingsområde og drift av anlegg.....	15
9.1	Status	
9.2	Satsingsområde i kommande planperiode	
9.2.1	Stavtjørn	
9.2.2	Området rundt Bjerkreimshallen, samfunnshuset og Vikeså stadion	
9.2.3	Svelavatnet – ”Opplev Svelavatnet”	
9.2.4	Åsen	
9.2.5	Diverse	
9.3	Drift av anlegg i Bjerkreim kommune	
9.3.1	Driftsmodellar	
9.3.2	Driftsutgifter eksisterande og planlagde kommunale anlegg	
9.3.2.1	Kommunale utgifter til eksisterande anlegg	
9.3.2.2	Kommunale utgifter planlagde anlegg	
10.0	Prioritert handlingsprogram for utbygging og tilrettelegging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv i Bjerkreim kommune, 2006 - 2010.....	19
11.0	Oppsummering.....	20
12.0	Litteraturliste.....	20

PLANNEMNDA

Hallvard Veen	- Levekårsutvalet
Siv Vikesdal	- Utvalet for landbruk, miljø og teknikk
Svein Solberg	- Bjerkreim Idrettslag
Jane Merete Jonassen (skrivar)	- Kulturkontoret

1.0 Innleiing

1.1. Bakgrunn for planen

I 1988 blei kommunane pålagt av Kultur- og vitskapsdepartementet å utarbeida planar for utbygging av idrettsanlegg. Ein slik plan var ein føresetnad for tildeling av spelemidlar. Det har seinare kome krav frå Kulturdepartementet om at nærmiljøanlegg, anlegg og områder for friluftsliv og rehabilitering av idrettsanlegg òg skal vera med i desse planane. Anlegg og områder som ikkje er med i planen, vil ikkje få spelemidlar.

Bjerkreim kommune sin fyrste plan for dette feltet blei laga i 1988 og gjaldt for perioden 1990 - 2000. Planen blei deretter rullert i 1994, 1998, 2002 og no i 2005/ 2006.

1.2 Formål

Kommunedelplanen skal vera eit nytting verktøy for å styra utbygginga av anlegg og områder for idrett og friluftsliv. I ein samla plan vil ein få oversyn over behova på anleggssektoren, og eit godt grunnlag slik at ein kan gjera dei naudsynte prioriteringane. Det er viktig at hovudmåla i kommunedelplanen samsvarar med dei overordna måla i resten av kommunen si planlegging innan kultursektoren. Planen er òg ein dokumentasjon på eksisterande, planlagde og ønskja anlegg og områder for idrett og friluftsliv.

“Kommunedelplan for anlegg og områder for idrett og friluftsliv” skal vera retningsgevande for dei politiske styresmaktene og må sjåast i samband Bjerkreim kommune sin kommuneplan. Dette er ein tematisk plan utan juridisk heimel når det gjeld disponering av areal og han må difor knytast opp mot kommuneplanen sin arealdel for å få juridisk heimel for føreslegne arealdisponeringar. Midlar til aktuelle anlegg og områder må vidare nedfellast i budsjett og økonomiplan.

1.3 Planen si oppbygging

Planen har to hovudelement, ein skildrande tekstdel og eit prioritert handlingsprogram. Tekstdelen skal rullerast på same vis som kommuneplanen, om lag kvart fjerde år, medan handlingsprogrammet skal handsamast kvart år. Programmet må leggjast ved spelemiddelsøknadene som blir sendt inn til fylkeskommunen innan 15. januar kvart år.

Kapittel 2 definerer nokre sentrale uttrykk knytte til spelemidlar og idrettsanlegg, medan kapittel 3 skisserer statlege, regionale og kommunale mål og prioriteringar når det gjeld fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I kapittel 4 blir det gitt ei kort skildring av idretts- og friluftslivet i Bjerkreim, før det i kapittel 5 til 8 følg ei oversikt over eksisterande og ønska anlegg og områder. Kapittel 9 gjer reie for kommunen sine behov og satsingsområde dei neste åra. Delar av anlegga er og tatt inn i det prioriterte handlingsprogrammet i kapittel 10. Til slutt kjem ei kort oppsummering og litteraturliste.

2.0 Definisjonar

Spelemidlane er ein del av potten som staten får inn gjennom Norsk Tipping, og dei er øyremerka idretts- og friluftsføremål. Dette er heimla i lov om pengespel av 28. august 1992 nr. 103. Desse midlane kan ein søkja på ein gong i året, gjennom fylkeskommunen. Søknadsfristen er 15. januar. For å kunna få midlar må tiltaka vera prioritert etter handlingsprogrammet i kommunedelplanen for idrett og friluftsliv.

2.1 Anleggstypar

2.1.1 Ordinære anlegg

Ordinære anlegg er tradisjonelle idrettsanlegg som har rett til stønad etter spelemiddelordninga. Døme på slike anlegg er idrettshus, golfanlegg, stadionanlegg med meir. Under denne ordninga kjem òg rehabilitering av anlegg, det vil seia istandsetjing av anlegg som skal gje ein vesentleg funksjonell og bruksmessig heving av standarden i forhold til dagens situasjon. Føresetnaden for å yta stønad til rehabilitering av eldre anlegg, er at dette gir større og betre forhold for idrettsutøving og at ombygginga ikkje skjer på grunn av mangelfull planlegging, feil drift eller dårleg vedlikehald.

2.1.2 Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller områder som er tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet i eller i direkte tilknytning til bustadområde. Området skal vera ope og tilgjengeleg for alle til ei kvar tid, men primært for barn og ungdom, det vil seia for aldersgruppa 6-19 år. Det er eit krav at nærmiljøanlegga som hovudregel er tilgjengelege for funksjonshemma. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkja behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar innan idretten. Anlegga kan lokalisera i tilknytning til skuleanlegg og/eller idrettsanlegg. Anlegg ved skule skal stå opne etter skuletid. Det blir òg understreka at nærmiljøanlegg er uteanlegg. Dei siste par åra har departementet laga ei uttømmende liste over kva anlegg det kan søkjast om spelemidlar til.

2.1.3 Forenkla anlegg

Forenkla anlegg er mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg som ein kan søkja midlar til gjennom heile året.

2.1.4 Universell utforming

I 2004 kom "Regjeringens handlingsplan for auka tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne. Plan for universell utforming innen viktige samfunnsområder". Universell utforming tydar at produkt, byggverk og uteområde skal utformast sånn at alle menneske skal kunna bruka dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan særlege tilpassingar eller hjelpemiddel. I følgje planen har statlege, regionale og lokale styresmakter og privat sektor eit sjølvstendig ansvar for å ta i vare omsynet til tilgjenge og universell utforming innan sine områder. Dette vil seia at Bjerkreim kommune òg må vera seg sitt ansvar bevisst når det gjeld bygging av nye anlegg innan idrett og friluftsliv.

2.1.5 Estetikk

Estetikk er, i kulturdepartementet sin rettleiar "Idrettsanlegg og estetikk", definert som "den kunnskap som kommer gjennom sansene". God estetisk kvalitet knytar seg til det vi opplever som vakkert, ønskjeleg og verdifullt, og handlar derfor om *kvalitative* verdiar og *ikkje*

kvantitative eigenskapar i bygg og anlegg. Når vi er i eit anlegg opplever vi både form, rom, lys, fargar, overflater og lyd. I ei byggjesak kan ikkje estetikk sjåast lausrive frå heilskapen, det er ikkje tilfeldig dekor på bygningane.

Idrettsanlegga har ofte ein sentral plass i landskapet og lokalmiljøet. Anlegga blir besøkt av mange menneske, og kan ha stor påverknad når det gjeld oppfatninga om estetikk. Dei fungerer som førebilete, og formar oppfatninga vår om bygningar og livsmiljø. Det blir derfor stilt klare estetiske krav ved utforming av idrettsanlegg.

3.0 Statlege, regionale og kommunale mål og prioriteringar knytte til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

3.1 Statlege mål og prioriteringar

3.1.1 Statleg anleggspolitikk

I følge rettleiaren ”Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2005” av Kultur- og kirkedepartementet, har staten som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur så flest mogleg kan driva idrett og fysisk aktivitet. Dette gjeld både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den friviljuge idretten. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særiddrettar og nivå i alle lokale samanhengar. Derfor er det viktig at det blir gjort behovsvurderingar på alle nivå i den offentlege forvaltninga. Staten understrekar òg at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar er barn frå 6 til 12 år og ungdomar frå 13 til 19 år. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar barn sine behov for fysisk aktivitet blir såleis særleg prioritert. Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikla anlegg som gir dei utfordringar og variasjon, og det er eit ønskje at ungdomen sjølv er med på å utforma anlegga. Det er òg viktig at anlegga fungerer som gode møteplassar i lokalsamfunna.

3.1.2 Statleg handlingsplan for fysisk aktivitet

I 2005 kom ”Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009. Sammen for fysisk aktivitet”, eit samarbeid mellom åtte av departementa. Planen skisserer ei rekke tiltak for, gjennom fysisk aktivitet, å betra den generelle folkehelsa. Det blir understreka at den enkelte har ansvar for egne val og eiga helse. Samfunnet kan, og bør, likevel påverka desse vala gjennom å informera, tilføra kunnskap og utfordra haldningar. For å oppnå auka fysisk aktivitet er det, i følge planen, nødvendig med tiltak innan desse områda:

- tilrettelegging av fysiske omgjevnader med vekt på tilgjenge for alle
- bidra til at det eksisterer lokale lågterskeltilbod og gode moglegheiter for fysisk aktivitet i fritida og på viktige arenaer som barnehage, skule og arbeidsplass
- motivera til ein aktiv livsstil

3.1.3 St.meld. nr. 39 ”Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet”

Friluftsliv blir praktisert av store delar av folket, ber ikkje preg av konkurranse og krev som regel ikkje store investeringar. Moglegheit for å driva med friluftsliv er eit velferdsgode som skal sikrast og fordelast jamt blant folka. Friluftslivet er, i følge handlingsplan for fysisk aktivitet, eit bidrag til livskvalitet, trivsel, betre folkehelse og bærekraftig utvikling. Friluftslivspolitikken tek utgangspunkt i at friluftslivet har eigeverd knytte til gleda ved sjølve aktiviteten, naturopplevingar, moglegheit for rekreasjon, avkopling og samvær med andre. I følge Friluftslivsmeldinga er friluftsliv definert som ”opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving”. Det strategiske målet for politikken

knytte til friluftsliv er: ”Alle skal ha høve til å driva friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.” Folkets moglegheit for å driva friluftsliv skal vidare takast vare på ved å:

- sikra areal til allmenn opphald og ferdsel
- tilrettelegging for bruk av desse areala for ulike utøvarar
- stimulera til utøving av friluftsliv

3.2 Regionale (fylkeskommunale) mål og prioriteringar

”Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern – og sambruk med reiseliv og landsbruk” (FINK), blei vedteken våren 2004. Planen er eit forsøk på å få ein samla oversikt over alle desse fagfelta, for å betra samarbeidet, tenkja heilskapleg og utnytta ressursane best mogleg.

3.2.1 FINK – idrett

I følge FINK har Rogaland ei dårleg anleggsdekning samanlikna med landsgjennomsnittet. Fylket er likevel inn i ei positiv utvikling når det gjeld kommunane si investeringslyst og det ligg føre mange spanande planar. Stavanger, Haugesund, Sandnes, Klepp og Gjesdal har aleine planar for 12 – 13 fleirbrukshallar, overbygd isbane for hurtiglaup, fotballhallar, kunstgrasbanar og diverse rehabiliteringsprosjekt. Nærmiljøanlegga er òg svært populære og fylket er no leiande i landet når det gjeld etablering av slike anlegg. Generelt er derfor utviklinga positiv, med desse unntaka:

- etablering av interkommunale anlegg
- etablering av fritidsanlegg for utvikling av ulike subkulturar innan idrett og friluftsliv og den delen av folket som ikkje er organisert i noko lag eller foreining

Dei fylkeskommunale måla er såleis å sikra eit variert spekter av idretts- og friluftslivanlegg med høg kvalitet for folket i heile fylket samt bidra til forpliktande interkommunale samarbeid.

3.2.2 FINK – friluftsliv

I FINK blir det understreka at Rogaland har ein variert natur som gir gode moglegheiter for friluftsliv i store delar av fylket. Arbeidet knytte til friluftsliv har ein veletablert organisering der tilrettelegging og drift av dei fleste regionale områda blir skjøtta av fire interkommunale friluftråd. To turistforeiningar utførar arbeidet med hytte- og løypenett i fjellet og i Dalane. I tillegg står kommunane for drift og tilrettelegging av lokale områder. Intensivt landbruk, kraftutbyggingar og generelt stort utbyggingspress gjer at moglegheitene for friluftsliv er sterkt redusert nokre stader i fylket. Dette krev særleg merksemd innan arealforvaltninga og friluftslivarbeidet. Ei av hovudutfordringane når det gjeld friluftslivet i fylket er såleis, i følge FINK, å gjera synleg og ta vare på dei store, varierte og uerstattelege natur- og kulturverdiane som grunnlag for næringsutøving, busetting, kunnskap, oppleving, rekreasjon og helse – for noverande og kommande generasjonar. Målsettingane er:

- å sikra tilstrekkeleg og høveleg areal og integrera tilrettelegging, idrett, naturvern og kulturvern sånn at ressursane blir nytta på ein god måte og publikum får så stort utbytte som mogleg
- betre helse og livskvalitet, auka trivsel og tryggleik i kvardagen for alle

- gje alle moglegheit til å driva friluftsliv i nærmiljøet i dagleglivet, helger og feriar
- bidra til at fleire faktisk driv eit meir aktivt friluftsliv
- bidra til at den førebyggjande og helsebringande verknaden av friluftsliv blir betre kjent så det òg påverkar samfunnsplanlegginga, helsearbeidet og den enkelte sine val og åtfærd

3.3 Bjerkreim kommune sine prioriteringar, mål og tiltak

3.3.1 Generelle føringar i kommuneplanen 2006 - 2008

Hovudmålet i kommuneplanen for 2006-2008 er at "Bjerkreim kommune skal vera ein god kommune å bu og arbeide i, som legg vekt på tryggleik og gode oppvekstvilkår og utvikling, herunder også næringsutvikling." Eit av delmåla handlar vidare om å "stimulera til eit nærmiljø som fremjar trivsel, fellesskap og utvikling". I tillegg skal det, i følgje kommuneplanen, stimulerast til eit *allsidig* oppvekstmiljø der kvar enkelt skal få utvikla sin eigenart. Det å utvikla spanande anlegg og områder for idrett og friluftsliv er med på å skapa eit godt oppvekstmiljø og fremjar såleis òg trivsel. Samstundes rommar dei skisserte måla ei utfordring om å tenkja nytt, tenkja utvikling òg i forhold til anlegg for fysisk aktivitet, både når det gjeld typar og utforming. Anlegg med slike kvalitetar vil òg vera attraktive for turistar og dermed kunna nyttast i marknadsføringa av Bjerkreim kommune.

3.3.2 Måla for arbeid og utvikling knytte til idrett og friluftsliv i Bjerkreim 2006-2008

Måla for arbeidet innan idrett og friluftsliv kan, med utgangpunkt i avsnitta over, oppsummerast slik:

1. Utvikla varierte og attraktive anlegg for idrett og friluftsliv
2. Stimulera til auka fysisk aktivitet blant innbyggjarane i Bjerkreim
3. Tilrettelegging utan at natur- og kulturmiljøet lir skade

3.3.3 Tiltak for å nå måla innan idrett og friluftsliv

Kommuneplanen skisserer òg fleire konkrete tiltak innan områda idrett og friluftsliv. Her kjem ein oversikt i uprioritert rekkefølge:

1. vidareutvikla tiltak i samband med 'frisk i friluft'
2. medverka til utvikling og fleksibel bruk av området rundt idrettshallen, samfunnshuset og idrettsbanen
3. satsa på nærmiljøanlegg
4. vidareføra dei økonomiske støtteordningane til friviljuge lag og organisasjonar
5. sikra framtidige areal til idretts- og friluftsføremål
6. laga brosjyrar over turvegane i nærområda i kommunen
7. arrangera naturlosturar i samarbeid med Stavanger turistforeining
8. stimulera til utvikling av nærområdet i Stavtjørn i lag med grunneigarar og velforeiningar, samt merking av turstiar, oppkøyring av løyper vinterstid, utarbeiding av kart og oppsetting av informasjonstavler
9. formidla friluftsliv- og reiselivstilboda i kommunen
10. bidra til at "Opplev Svelavatnet" blir realisert
11. rusta opp turistinformasjonen
12. nytt profileringsmateriale (nye turisttavler etc.)

Ein del av desse tiltaka blir ytterligare diskutert i kapittel 9 som handlar om konkrete satsingsområde.

4.0 Idrett og friluftsliv i Bjerkreim

4.1 Idretten

Idretten er ein viktig del av kulturlivet i Bjerkreim. Mellom 800 - 900 menneske gjer seg nytte av dei idrettstilboda som finst gjennom dei ulike organisasjonane i Bjerkreim. Bjerkreim Idrettslag og Bjerkreim skyttarlag er dei laga som har idrett som hovudaktivitet i kommunen. Fleire andre lag har idrett som ein del av sitt fritidstilbod, til dømes 4H, Vikeså ungdomsklubb, Bjerkreim Bygdeungdomslag, Bjerkreim bondekvinnelag og Bjerkreim jeger- og fiskeforeining. Innan idretten finst det nærare 200 ulike særiddrettar. I Bjerkreim er det organiserte tilbod i fotball, friidrett, ski, turn, skyting, sykling, trim og step/aerobic. For å utvida dette tilbodet er det viktig at kommunen tek ansvar for å leggja tilhøva tilrette med eigna areal og anlegg.

4.1.1 Ulike lag med idrett som hovudaktivitet

4.1.1.1 Bjerkreim idrettslag

Bjerkreim idrettslag har faste aktivitetar kvar kveld i veka. Aktivitetane er i hovudsak knytte til Bjerkreim Samfunnshus og Bjerkreimshallen, men også områda ved Bjerkreim skule og Vikeså skule blir brukte til treningar. Kvar ettermiddag/kveld er det tilbod om ulike aktivitetar for ulike aldersgrupper. Desse aktivitetane vert leia av trenarar eller instruktørar, og i alt vert det om lag 130 instruktørtimar pr. veke. Dette arbeidet vert gjort på fritida og berre unntaksvis vert det gitt noko vederlag. Mange leiarar og trenarar har gjennom frivillig innsats hjelpt til med å skapa gode oppvekstvilkår for barn og unge i Bjerkreim, både gjennom dei faste samlingane pr. veke, men òg gjennom deltaking på ulike stemne og andre idrettsarrangement innanfor og utanfor fylkesgrensene. Både idrettsutøvarane og andre i familiane deira har gilde minne og gode opplevingar som ein ikkje kunne ha fått utan tilrettelegging frå folk i idrettslaget.

Gjennom deltaking ute har også barn og unge vist seg som gode ambassadørar for heimstaden og heimkommunen sin, og gjennom det også gjort Bjerkreim kjent for andre.

Bjerkreim idrettslag hadde i 2004 over 600 medlemmer. Idrettslaget har som føremål å leggja ulike aktivitetstilbod til rette for mange aldersgrupper, både dei som driv med trim, og dei som vil driva konkurranseidrett.

4.1.1.2 Bjerkreim skyttarlag

Bjerkreim skyttarlag har i dag eit godt og moderne anleggstilbod som dei nyttar heile året. Laget sine omlag 100 medlemmer har eige klubbhus, utandørs skytebane og 15 m innandørsbane. Skyttarlaget har høg aktivitet og har vist stor innsats. Dei gode anleggstilhøva har gjeve gode sportslege resultat og sytt for god rekruttering til skyttarlaget. Laget søker i 2006 om spelemidlar til elektroniske skyteskiver på 100 meters banen.

4.2 Friluftslivet

Naturen er den største idrettsarenaen vår og mange menneske, både frå vår eigen kommune og nabokommunar, nyttar friluftslivet i Bjerkreim. Det er viktig at tilhøva blir lagde til rette for friluftsliv i pakt med naturen. Ved merking av løyper, opparbeiding av badeplassar, parkeringsplassar, informasjon om jakt- og fiske, ruter for turgåing, kanopadling, rafting, fjellklatring med meir, vil ferdsel bli kanalisert til områder kommunen meiner er eigna for dei ulike aktivitetane. Det er viktig at kommunen går i tidleg dialog med grunneigarar om eventuell tilrettelegging. Bjerkreim kommune er vidare med som ein av 15 kommunar i Rogaland i prosjektet "Frisk i Friluft".

Jakt og fiske er for mange ein naturleg del av friluftslivet i kommunen. Bjerkreim Jeger og Fiskeforeining og Bjerkreim elveeigarlag har i fleire år samarbeidd om den årlege fiskefestivalen i Bjerkreimselva. Den trekkjer til seg ca. 250 deltakarar, og av desse ca. 80 barn. I tillegg arrangerer Fiskeklubben (NJFF si barnesatsing) årleg fiskefestival for barn. Desse arrangementa viser at fisking er ein viktig del av friluftslivet i Bjerkreim og at det fengjer både barn og vaksne. Kvar haust er fleire barn med og hentar stamlaks til klekkeriet. Dei får vera med når fisken blir stoken og rognen blir lagt ut i klekkeriet. Om våren er dei med og set ut yngel i elva. Alt dette hjelper barn og unge til å forstå kor viktig det er å ta vare på alt naturen gir oss.

4.3 Strategiar for samarbeid med frivillig sektor og andre

4.3.1 Lag og foreiningar

Lag og foreiningar gjer, som det går fram av avsnitta over, eit stort og viktig arbeid når det gjeld å leggja til rette for fysisk aktivitet, og fleire av dei driv òg anlegg. Det er ei sentral målsetting for Bjerkreim kommune å ha eit godt samarbeid med frivillig sektor om dette arbeidet. Samarbeidet kan likevel vidareutviklast og kvalitetssikrast, fyrst og fremst gjennom god kommunikasjon og medverknad. Dette skal mellom anna sikrast gjennom desse tiltaka:

Kommunikasjon

- Kommunen informerer tidleg vår kvart år om spelemiddelordninga så lag og foreiningar tidleg kan koma på banen med nye prosjekt og anlegg. Informasjonen går til alle husstandar i kommunen via Bjerkreimsnytt og blir òg sendt til aktuelle lag og foreiningar spesielt.
- Kommunen hjelper til med spelemiddelsøknadane. Dei kan vera kompliserte å fylla ut, men kommunen set av den tida som trengs.

Medverknad

- Bjerkreim idrettslag medverkar til utviklinga av anleggspolitikken ved å delta i gruppa som årleg rullerer handlingsprogrammet. Idrettslaget sit òg i plannemnda når sjølve kommunedelplanen blir revidert, som no i 2005/2006. Det bør likevel vurderast om representantar frå andre lag og foreiningar skal bli invitert til å vera med på dette arbeidet, fyrst og fremst for å sikra ei brei deltaking og flest mogleg gode innspel.

Andre tiltak som styrkar samarbeidet

- Kommunen gjer årlege driftstilskot til Bjerkreimshallen og til lag og foreiningar som mellom anna driv fysisk aktivitet og held vedlike anlegg.
- Kommunen samarbeidar med lag og foreiningar om konkrete anlegg. Til dømes bygg kommunen no ein ballbinge på Bjerkreim skule i samarbeid med fotballgruppa. Kommunen skal òg, i samarbeid med Bjerkreim idrettslag, utreda ei oppgradering av Vikeså stadion.
- Gjennom "Frisk i friluft" har Bjerkreim kommune utvikla eit godt samarbeid mellom anna med Bjerkreim bondekvinneleg. Dette kan òg utviklast vidare med nye aktivitetar og tiltak.

4.3.2 Tverretatleg samarbeid og samarbeid med andre aktørar.

Bjerkreim kommune har ein liten administrasjon med godt samarbeid på tvers av faggrenser. Det er òg ei målsetting å tenkja heilskap når det gjeld fysisk aktivitet, helse og utvikling generelt. "Opplev Svelavatnet" er eit godt døme på eit slikt tverrfagleg prosjekt kor alle etatar i kommunen har teke del. Den nye organiseringa, kor alle leiarane innan oppvekst og levekår samlast regelmessig, legg og til rette for å vidareutvikla denne måten å jobba på. Bjerkreim

kommune har vidare ein god dialog med andre aktørar som driv, eller har interesse av fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv, som til dømes reiselivsnæringa. Gjennom samarbeidet med Reisemål Sydvest får Bjerkreim kommune marknadsført anlegg og idretts- og friluftaktivitetar til folk lang utanfor regionen. Tverretatleg samarbeid og samarbeid med andre aktørar kan mellom anna vidareutviklast gjennom desse tiltaka:

- Før den årlege rulleringa av handlingsprogrammet tek til, bør anleggssituasjonen i kommunen diskuterast på leiarmøta i Levekårsavdelinga. Dette vil mellom anna, i større grad enn no, sikra innspel frå barnehagane og skulane.
- Før den årlege rulleringa av handlingsprogrammet bør anleggssituasjonen i kommunen diskuterast i ungdomsrådet.
- Fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv bør, i større grad enn no, blir tema i reiselivsforum (Reisemål Sydvest og dei reiselivsansvarlege i kommunane). I den nye regionale reiselivsplanen som blei vedteken i fjor, er produktutvikling eit satsingsområde. Guida fotturar i stinettet "Opplev Dalane" er døme på eit slikt aktuelt reiselivsprodukt.

5.0 Eksisterande anlegg i Bjerkreim kommune

5.1 Idrettsanlegg

Type anlegg	Storleik	Plassering	Eigar	Merknader
1. Fotballbane, gras	105 x 64 m	Vikeså	Kommunen	Vikeså stadion
2. Friidrettsbane, grus m/lys	6 løypebaner 400m 8 sprintbaner 100m	Vikeså	Kommunen	Vikeså stadion
3. Fotballbane, grus m/lys	96 x 45 m	Bjerkreim	Kommunen	Skuleareal
4. Fotballbane, grus m/lys	100 x 60 m	Vikeså	Kommunen	Skuleareal
5. Vintersportssenter Alpinanlegg	4 trekk, kapasitet 3700 pr. t	Stavtjørn	Stavtjørn Alpinsenter	Privateigd
Stavtjørn Fjellsenter	775 m2 inneareal	Stavtjørn	Privat	Varmestove, kafé, garderobe, toalett
Langrennsløyper	2-3 km	Stavtjørn	Privat	Delvis opparbeidd
6. Symjehall	12,5 x 9 m	Vikeså skule	Kommunen	Skuleareal
7. Skytebane, leirduer	Etter Norges jeger & fisk krav	Gjedremskog	Bj. jeger og fisk	Leiger areal hjå kommunen
8. Skytebane	100 m, 200 m	Vikesdal	Bj. skyttarlag	Ligg i forsvaret sitt øvingsfelt
9. Skyttarhus	kontor, miljørom	Vikesdal	Bj. skyttarlag	Ligg i forsvaret sitt øvingsfelt
10. Innandørs skytebane	15 m	Samf.huset	Bj. skyttarlag	Skyttarlaget
11.Travbane	500 m rundbane	Tengesdal	Egersund & Omegn travelskap	Treningsbane
12. Modellflybane	Ca 70 m lang	Tengesdal	Hans Tengesdal	Treningsbane
13. Innandørs areal				
Gymsal	10 x 20 m	Vikeså skule	Kommunen	
Gymsal	8 x 20 m	Bj. skule	Kommunen	
Gymsal	12 x 20 m	Bj. samf. hus	Org. som eig	UI tilskot
Gymsal	7 x 13,5 m	Ørdsalen	Kommunen	
14. Idrettshall	60 x 30 m	Vikeså	Stiftelse	UI tilskot

5.2 Områder som er tilrettelagt for friluftsliv og nærmiljøaktiviteter

Område/anlegg	Storleik	Plassering	Eigar	Merknader
1) Turløyper				
a) Hetlandsskogen	Varierende lengde	Hetland	Statsskog	12 løyper
b) Rambjørghøia/ Stavtjørn/ Sirdal	30-35 km	Stavtjørn, Sirdal	Privat	Driftavegen
c) Storrsheia	1 km	Storrsheia	Privat	Sti til kulturminne
d) Foreknuten	Varierende lengde	Vikeså	Privat	Fleire rundløyper
e) Berland- Dyrskog	Varierende lengde	Berland -Dyrskog	Privat	Delvis merka
f) Solbjørnibena	ca. 5 km	Svela - Solbjørnibena	Privat	Merka løype
g) Stavtjørn Kvitlen – Eikebrekka	Varierende	Stavtjørn-Eikebrkka	Privat	Delvis merka
h) Veen - Madland	ca 10 km	Vinjaheia	Privat	Delvis merka
i) Vassbø – Gya	ca 8 km	Ørsdalen-Gyadalen	Privat	Merka
j) Stavtjørn-Maudal	ca 5-6 km	Stavtjørn - Maudal	Privat	Umerka
2) Badeplassar				
a) Eikevatn	Ca 100m lang strand	Hetlandsskogen	Statsskog	Toalett/ renovasjon
b) Svelavatnet		Vikeså	Privat	Lokalt for Vikeså
c) Eikeland (Horfrestæ)	Ca 40 m lang strand	Eikeland	Privat	Parkeringsplass og toalett
3)Nærmiljøanlegg				
a) Bane for ballspel	5650 m2	Vikeså	Kommunen	Vikeså Stadion
b) Fleirbruksbane	1770 m2	Vikeså	Kommunen	Vikeså Stadion
c) BMX-bane	250 m	Vikeså	Kommunen	Vikeså stadion
d) Ballbinge	15 x 25m	Vikeså	Kommunen	Vikeså skule
e) Jungel	850 m2	Vikeså	Kommunen	Vikeså skule
f) Turnbasseng		Vikeså	Kommunen	Vikeså skule
g) Bordtennisbord		Vikeså	Kommunen	Vikeså skule
h) Ridebane		Vikeså	Bjerkreim hestelag	Kommunen eig grunnen
4) Leikeplassar				
a) Svelabakken	330 m2	Vikeså	Kommunen	1 stk
b) Risbakken	290, 375 og 650 m2	Vikeså	Kommunen	3 stk
c) Tjønderåsen	140 m2	Vikeså	Kommunen	1 stk
d) Vikesdalslia	1320 m2	Vikeså	Kommunen	2 stk
e) Røyslandsfeltet	150, 290 og 620 m2	Bjerkreim	Kommunen	3 stk
f) Røyslandsdalen	530 m2, 600 m2	Bjerkreim	Kommunen	2 stk
g) Solbakken		Bjerkreim	Kommunen	2 stk
5) Balløkker				
a) Vikeså skule	Ca 1000m2	Vikeså	Kommunen	Skuleareal
b) Risbakken	970 m2	Vikeså	Kommunen	I byggefelt
c) Røyslandsdalen	1320 m2	Røysland/Bjerkreim	Kommunen	I byggefelt
d) Bj. skule	800 m2	Bjerkreim	Kommunen	Skuleareal
e) Ørsdalen skule	Ca 1500 m2	Ørsdalen	Kommunen	Grendahus
f) Apeland		Apeland	Privat	
g) Vikesdalslia	Ca	Vikesdalslia	Kommunen	I byggefelt
6) Fiskeplass				
a) Gjedlakleiv		E -39, S- Bjerkreim	St. Vegvesen/privat	Rasteplass
b) Hetlandsvatnet		Hetlandsskogen	Statsskog	P-plass, toalett, tilr.l
c) Hetlandsskogen		Hetlandsskogen	Statsskog	for funksj.hemma
d) Div.plassar		Bjerkreimsvassdr.	Privat	
e) 504 -Fiskje		Moi - Time	Privat	P- plassar, fiskekort

5.3 Orienteringskart

Orienteringskart	Eigar	Årstal
	For merknader: B.I.L. Synnøve Fuglestad	
a) Vikeså	Bjerkreim IL	
b) Skjæveland	Bjerkreim IL	
c) Resafjell	Bjerkreim IL	
d) Stavtjørn	Sandnes IL	
e) Berse	Vaulen OK, Bjerkreim IL	
f) Hetlandsskogen	Vaulen OK	
g) Gravdal	Vaulen OK	
h) Osland	Ganddal IL	
i) Bue- Røysland	Ganddal IL	
j) Holmafjell	Bjerkreim IL	
k) Malmei	Klepp IL	
l) Djupali	Ganddal IL	

6.0 Prosjekt som fekk spelemidler i sist planperiode, 2002-2006

6.1 Ordinære anlegg

Anlegg	Prosjekt	Søklar/ eigar	Tidelingsår
Bjerkreimshallen	Brannvernstiltak	Bjerkreimshallen	2002
Åsenhuset	Rehabilitering av heile huset	Stiftelsen Åsen	2003
Samfunnshuset	Brannvernstiltak	Samfunnshuset	2004
Bjerkreimshallen	Tilrettelegging for funksjonshemma, handikapheis	Bjerkreimshallen	2005

6.2 Nærmiljøanlegg

Anlegg	Plassering	Søklar/ eigar	Tidelingsår
Turnbasseng og bordtennisbord	Vikeså skole	Kommunen	2002
Ballbinge	Bjerkreim skule	Kommunen	2005

6.3 Forenkla anlegg

Anlegg	Plassering	Søklar/ eigar	Tidelingsår
Ridebane	Ved Bjerkreimshallen	Bjerkreim hestelag Kommunal grunn	2003
Orienteringskart	Kart over Vikeså	Idrettslaget, orienteringsgruppa	2005

7.0 Innkomne forslag til nye anlegg innan idrett og friluftsliv

Ved oppstart av denne rulleringen blei lag og organisasjonar invitert til å koma med innspel til nye prosjekt og satsingsområde for neste planperiode. Tabellen under oppsummerar dei innkomne forslaga.

Anleggstype	Plassering	Foreslått av
Ordinære anlegg: Ny hall i samband med VM i saueklypping i 2008 Snøkanonar Utbetring av trasé i samband med montering av snøproduksjonsutstyr Opplev Svelavatnet Rehabilitering av Vikeså stadion	Ved idrettshallen Stavtjørn Stavtjørn Svelavatnet, Vikeså Vikeså stadion	Bjerkreimshallen Stavtjørn skisenter Stavtjørn skisenter Kommunen BIL ved friidrettsgruppa
Vekttreningsrom Trialbane Turisthytte, friluftsliv- og kulturområde Anlegg for sjøsetting av private fritidsbåtar, vannsport Tråkkemaskin for langrennsløyper Kunstgrasdekke	Ikkje plassert Ikkje plassert Kvitlen Ørsdalsvatnet, Odlandstø Stavtjørn Vikeså/ Bjerkreim	Privatperson Privatperson Privatperson Utval for landbruk, miljø og teknikk Privatperson Ungdomsrådet
Nærmiljøanlegg: Ballbinge Orienteringskart Skatebordanlegg Ombygging av ballbinge Skileikanlegg	Svelafeltet Kart over Røysland/ Bue Vikeså stadion Vikeså skole Stavtjørn	Privatperson Gandal I.L. Ungdomsrådet Ungdomsrådet Stavtjørn skisenter

8.0 Framleis aktuelle anlegg/tiltak som ikkje blei realisert i sist planperiode

Type	Plassering
Ordinære anlegg/diverse: Trialbane Symjehall Fotballbane med gras, internasjonale mål Lysløype for idrett/turgåarar Lys langs sykkelsti Skiljeveggar Turveg og varmestove Klatrevegg Orienteringskart Turstiar/turvegar	Ikkje plassert Ikkje plassert Vikeså stadionområdet Foreknuten Bjerkreim - Vikeså Bjerkreimshallen Åsen Bjerkreimshallen Røysland Bjerkreim/Vikeså
Badeplassar: Lauvtjørna	Vikeså

Sandhaugen – Birkemo	Birkemo v/Covent
Vinter: Turløype ski	Tjørn/Lauperak
Rehabilitering: Rehabilitering av ”kulturbygget” Åsen	Åsen
Nærmiljøanlegg: Sandvolleyballbane Jungel Turveggar i tilknytning til bustadområde Turveg m/lysløype Terreng/hinderløype Tribunar Leikeplassar/balløkke Friareal for barn	Vikeså stadion Bjerkreim skule Bjerkreim og Vikeså Foreknuten Vikeså skule Vikeså stadion Ikkje plassert Ikkje plassert

9.0 Behovsanalyse, satsingsområde og drift av anlegg

9.1 Status

Bjerkreim kommune har dei siste åra fått fleire nye og gode idrettsanlegg. Dette har ført til ein auke i aktivitetane. Denne auken har vore så stor at dei fleste anlegga har svært stort belegg. Dette syner at dersom tilhøva vert lagt til rette, kjem nye grupper av brukarar med i aktivitetane. Dette er ein flott trend og i samsvar med Staten sine politiske målsetjingar om auka fysisk aktivitet blant innbyggerane, men den er samstundes ei stor utfordring for idrettslaga og kommunen. Auka bruk fører mellom anna til meir slitasje og dermed auka utgifter til vedlikehald. Vedlikehald er generelt viktig og kommunen må tenkja langsiktig for å kunna dekkja det behovet som etter kvart melder seg i eksisterande bygg og anlegg. Som kapittel 6.1 syner, er det likevel kjekt å understreka at det i løpet av sist planperiode blei løyvt spelemidlar til brannverntiltak i både Bjerkreimshallen og samfunnshuset. Bjerkreimshallen har vidare òg fått midlar til å leggja betre til rette for funksjonshemma, mellom anna ved montering av handikapheis.

I Bjerkreim kommune er behovet for store idrettsanlegg relativt godt dekkja og Bjerkreimshallen har gitt gode høve for å driva med innandørsidrett. Det er likevel framleis behov for nærmiljøanlegg med leike- og aktivitetspark, balløkker, turstiar/veggar og lysløyper. Området vest for Vikeså stadion må regulerast til idrettsformål for seinare planar og utbyggingar. Kommunen ønskjer framleis å prioritera utbygging av nærmiljøanlegg, i tråd med statlege retningslinjer, i tilknytning til bustadfelt og skuleområda. Uteområdet på VOKS-senteret har, ved hjelp av spelemidlar, blitt svært fint mellom anna med jungel og turnbasseng som blir mykje nytta både i og utanfor skuletida. I 2005 fekk kommunen òg spelemidlar til å byggja ein ballbinge på Bjerkreim skule og dette arbeidet vil starta opp våren 2006.

Bjerkreim kommune har mange områder for friluftsliv som er av regional interesse. Nokre av desse områda er tilrettelagt for friluftaktivitetar mellom anna gjennom prosjektet ”Opplev Dalane”. Kommunen vil satsa vidare på informasjon om ulike turstiar, turveggar og andre tilbod som finst til innbyggerane. Dette arbeidet må skje i god dialog med grunneigarane. Samstundes er det viktig å diskutera kor mykje tilrettelegging ein ønskjer i kommunen. Mange turinteresserte likar å gå i områder som ikkje er merka eller tilrettelagde, og desse interessene må ein prøva å koma i møte. I ein stor kommune som Bjerkreim er det ikkje problem å tilfredsstilla bae grupper.

Eksisterande anlegg gjev totalt sett eit godt tilbod til dei fleste innbyggjargruppene i kommunen. Fleire av anlegga er eigna for funksjonshemma og for eldre.

9.2 Satsingsområde i kommande planperiode 2006 – 2010

Kommuneplanen peikar ut 3 geografiske satsingsområde når det gjeld utvikling av nye anlegg til idretts- og friluftsmål: a) Stavtjørn, b) området rundt Bjerkreimshallen, samfunnshuset og Vikeså stadion og c) Svelavatnet. I tillegg kjem området rundt Åsen- huset som fekk spelemidlar i 2003, men som framleis ikkje er ferdig rehabilitert. Det har òg kome politiske signal på at det er viktig å ta godt vare på dei innspela om nye anlegg som kjem i frå friviljuge lag og organisasjonar.

9.2.1 Stavtjørn

Stavtjørn skisenter dannar det naturlege utgangspunktet for utvikling i dette området. Senteret fekk i 2005 nye eigarar som ønskjer å utvikla drifta vidare, mellom anna ved å investera i snøproduksjonsutstyr. Dei satsar på eit godt og nært samarbeid med grunneigarar, hytteeigarar og utbyggjarar sånn at dei saman kan få til ei positiv utvikling i heile området. Det er òg mange andre moglegheiter knytte til friluftsliv i området som kommunen bør ta initiativ til å sjå nærare på i kommande planperiode, mellom anna merking av turstiar, utarbeiding av kart og oppsetting av informasjonstavler.

9.2.2 Området rundt Bjerkreimshallen, samfunnshuset og Vikeså stadion

Det finst framleis mange moglegheiter for vidare utvikling i dette området. I samband med VM i saueklypping i 2008 er det behov for større innandørs areal. Fortrinnsvis er det fremma ønskje om ein ny hall som i etterkant kan nyttast til idrettsaktivitetar, utan at det no ligg føre konkrete planar om kva som kan vera ei eigna etterbruk. Dette vil eventuelt vera ei føresetnad for å kunna søkja spelemidlar.

Bjerkreim idrettslag ved friidrettsgruppa ønskjer, i løpet av planperioden, å renovera Vikeså stadion. Dette er det eit klart behov for og prosjektet er òg ført opp i det prioriterte handlingsprogrammet, kap. 10.0. Dette krev ei grundig utgreiing som, om ein skal følgja programmet, må starta våren 2006. Friidrettsgruppa understrekar at det er særleg behov for nytt banedekke og nye tribunar. Tribunar får dessverre ikkje lenger tilskot gjennom spillemiddelordninga, så det er viktig å ta omsyn til dette i planlegginga.

Det er òg blitt fremma ønskje om ein ny ballbing med plassering i Svelafeltet. Plannemnda stiller seg positiv til at det kjem fleire nærmiljøanlegg og ballbingar i kommunen, men er skeptiske til at eit så stort anlegg skal ha denne plasseringa, og foreslår at bingen kanskje heller blir lokalisert ved Vikeså stadion. Dette er likevel noko som kan diskutertast når ei eventuell gjennomføring nærmar seg.

Ungdomsrådet ønskjer seg eit nytt skateanlegg på Vikeså. Rampa ved Vikeså stadion har blitt mykje brukt, men er no øydelagt. Plannemnda opnar for at det blir sett på moglegheitene for å utvikla eit større og meir attraktivt skateanlegg, gjerne i samarbeid med Ungdomsrådet.

Det har vidare kome inn ønskje om diverse anlegg og aktivitetar, mellom anna eit styrketreningsrom som er tilgjengeleg for alle, gjerne lokalisert i nærleiken av Trimmen i hallen. Plannemnda tar innspelet til etterretning, men meiner at all vidare satsing innan styrketrening og andre 'hall- aktivitetar' må skje i samarbeid med Bjerkreimshallen, kor det tross alt allereie er eit styrketreningsrom som kanskje kan utviklas vidare.

9.2.3 Svelavatnet – ”Opplev Svelavatnet”

Bjerkreim kommune har utvikla eit forprosjekt som handlar om korleis områda i tilknytning til Svelavatnet kan leggjast betre til rette for bruk. Prosjektet består av to hovudelement, eit

kulturbygg (utstyrspark, kafébygg og kunstpaviljong) og ein tursti med fire temaløyper (kunst-, villmarks-, natur- og mosjonsløype). Prosjektet har blitt godt tatt i mot av eksterne private og offentlege aktørar, men kommunestyret i Bjerkreim har vedtatt å utsetja prosjektet i om lag 2 år. Dersom prosjektet då blir vedtatt vil dette bli ei av dei største satsingane på idrett, friluftsliv, idrett, kunst og kultur i kommunen nokon sinne, og prosjektet vil såleis bli prioritert øvst på handlingsprogrammet dei siste åra i planperioden. Fleire av prosjekta som står nemnt i denne planen vil då inngå som ein del av 'Opplev Svelavatnet'. Til dømes vil fleire av turstiane i Vikeså og Bjerkreim kunne knyttas opp mot prosjektet. "Opplev Svelavatnet" skal ha ei særleg fokus på universell utforming og har ei målsetting om å bli mykje brukt av mange.

9.2.4 Åsen

Restaureringa av Åsenhuset blei høgt prioritert i sist planperiode og fekk tildelt både spelemidlar og fylkeskommunale investeringsmidlar i 2003. Prosjektet er likevel ikkje ferdigstilt og søker òg spelemidlar i kommande periode. I tillegg til sjølve huset er det òg viktig å fokusera på turstiar og uteområdet i tilknytning til Åsen.

9.2.5 Andre anlegg

I tillegg til dei områda som er prioritert i kommuneplanen, er det òg andre anlegg og område som det på sikt er aktuelt å realisera, jmf. avsnitt 8.0. Fleire av desse anlegga kan rykka lenger fram på prioriteringslista dersom politikarane vel og ikkje satsa på "Opplev Svelavatnet", men dette blir det, som tidlegare nemnt, fyrst tatt stilling til i 2007.

9.3 Drift av anlegg i Bjerkreim kommune

9.3.1 Driftsmodellar

Drifta av idretts- og friluftsanlegg i Bjerkreim kommune kan delast inn i tre kategoriar: a) anlegg som kommunen eig, driv og held vedlike sjølv, b) anlegg som lag og foreiningar eig, driv og held vedlike og c) anlegg som kommunen eig, men som lag og foreiningar får kommunale tilskot for å driva og halda vedlike. Bjerkreim kommune bør på sikt vurdere kvart enkelt av dei kommunale anlegga for å sjå på om dei blir drifta og haldne vedlike på ein god nok måte. Særleg må driftsmodellen vurderast nøye når nye anlegg kjem til. Dette gjeld òg nærmiljøanlegg. Kommunen slit i periodar med låg bemanning. Då kan det vera ei god løysing å føra over fleire av driftsoppgåvene til dei laga og organisasjonane som er interessert i eit slikt samarbeid.

9.3.2 Driftsutgifter eksisterande og planlagde anlegg

Driftsutgiftene knytte til fysisk aktivitet, idretts- og friluftsanlegg kan delast inn i to kategoriar: a) drift av aktivitetar og b) drift og vedlikehald av anlegg/ bygningar. Når det gjeld den kommunale verksemda er drift av aktivitetar gjerne fordelt på ulike instansar og avdelingar. Til dømes driv skulen symjeundervisning for elevar i symjehallen på VOKS-senteret, medan kulturkontoret driv offentleg symjing på fritida for både vaksne og ungar. Budsjetta er delegert til dei ulike avdelingane og det er derfor vanskeleg å få ei god oversikt over desse utgiftene. Det meste av ansvaret for *vedlikehald* av anlegg er lagt til etat for Landbruk, miljø og teknikk, og det er såleis lettare talfesta dette arbeidet. I tabellen under er det ei oversikt over a) kostnader knytte til *vedlikehald* av dei fleste eksisterande og planlagde kommunale anlegga, og b) kommunale tilskot til anlegg som er eigd og drivne av andre. Det blir likevel understreka at dette ikkje er ei komplett liste (sjå kapittel 6.0), men ei oversikt over dei anlegga det er lett å talfesta vedlikehaldsutgiftene på. I tillegg kjem òg utgifter til meir sporadiske reparasjonar og, som nemnt over, utgifter til drift av aktivitetar.

9.3.2.1 Kommunale utgifter knytte til vedlikehald av anlegg til idretts- og friluftsanlegg, eksisterande anlegg

Anleggstype	Plassering	Eigar	Ansvar for vedlikehald	Kommunale utgifter til vedlikehald	Kommunalt tilskot
Grusbane	Vikeså skule	Bjerkreim kommune	Bjerkreim kommune/ Bjerkreim idrettslag	10000	7500
Grusbane	Bjerkreim skule	Bjerkreim kommune	Bjerkreim kommune/ Bjerkreim idrettslag	10000	7500
Grasbane	Vikeså stadion	Bjerkreim kommune	Bjerkreim kommune	30000	
Turstiar	Bjerkreim kommune	Bjerkreim kommune/ private grunneigarar	Bjerkreim kommune	15000	
Symjehall	Vikeså skule	Bjerkreim kommune	Bjerkreim kommune	15000	
Nærmiljøanlegg Jungel og turnbasseng	Vikeså skule	Bjerkreim kommune	Bjerkreim kommune	10000	
Idrettshall	Vikeså	Stiftinga Bjerkreimshallen	Stiftinga Bjerkreimshallen		100000

9.3.2.2 Utgifter knytte til vedlikehald av planlagde kommunale anlegg

Anleggstype	Plassering	Ansvar for vedlikehald	Utgifter til vedlikehald
Tursti med kulturbygg, "Opplev Svelavatnet"	Svelavatnet, Vikeså	Bjerkreim kommune	170000
Ballbinge	Bjerkreim skule	Bjerkreim kommune	15000

10.0 Prioritert handlingsprogram for utbygging og tilrettelegging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv i Bjerkreim kommune, 2006 – 2010.

Ordinære anlegg	Stad	Kostnad	2006 (i 1000 kr)			2007			2008			2009		
			k	sp	pr	k	sp	p	k	sp	p	k	sp	p
1. Elektroniske skyteskiver	Vikeså	198 000	66	132										
2. Åsenhuset	Åsen	408 000	30	136	242									
3. Snøkanonar	Stavtjørn	6 226 000	700	5526										
4. Utbetring av trasé	Stavtjørn	3 063 000	700	2363										
5. Rehabilitering av stadion	Vikeså	Blir utreda 2006				Søkja spelemidlar								
Nærmiljøanlegg														
1. Skateboardanlegg	Vikeså stadion	Blir utreda 2006				Søkja spelemidlar								
2. Ballbinge	Vikeså, evt. Svelafeltet	Blir utreda 2007						Søkja spelemidlar						
3. Skileikanlegg	Stavtjørn	400 000						200	200					

Prioriteringa av ordinære anlegg i dei siste åra av planperioden, 2008 – 2009, blir utsett, fordi kommunestyret har vedtatt at 'Opplev Svelavatnet' skal opp til ny vurdering innan to år, i 2007. Dersom politikarane vel å gå inn for prosjektet vil dette då bli prioritert øvst på handlingsprogrammet.

11. Oppsummering

Bjerkreim kommune har eit rikt og variert tilbod til innbyggjarane når det gjeld idrett og friluftsliv, først og fremst fordi det er mange aktive lag og foreiningar som driv ulike former for fysisk aktivitet. Dei siste åra har kommunen òg fått utvikla fleire gode anlegg som er med på å stimulera til aktivitet. Kommunen si satsing for den neste planperioden følgjer statlege og regionale føringar; med fokus på auka fysisk aktivitet innan idrett og friluftsliv, variasjon og kvalitet i utvikling av nye anlegg og ei særleg satsing på barn og unge. Konkret er hovudsatsinga knytt opp mot 4 områder: a) Stavtjørn, b) området rundt Bjerkreimshallen, Samfunnshuset og Vikeså stadion, c) Svelavatnet og d) Åsen. "Opplev Svelavatnet" er eit omfangsrikt og spanande prosjekt, men ei eventuell realisering vil ikkje bli vedteken før i 2007.

12.0 Litteraturliste

Stortingsmelding nr. 39 (2000 – 2001), *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet*

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009, *Sammen for fysisk aktivitet*

Handlingsplan 2004, *Regjeringens handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne. Plan for universell utforming innen viktige samfunnsområder*

Stortingsmelding nr. 14 (1999 – 2000), *Idrettslivet i endring – Om statens forhold til idrett og fysisk aktivitet*

Veileder fra Kulturdepartementet, *Idrettsanlegg og estetikk*

Fylkesdelplan 2004, *Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern – og sambruk med reiseliv og landbruk*

Kommuneplan, *Kommuneplan for Bjerkreim kommune. Langsiktig/ skriftleg del 2006 - 2018*

Rapport fra et regjeringsoppnevnt utvalg (2003), *Finansiering av statlig idrettspolitik. Kartlegging, vurdering og forslag til tiltak for bedre måloppnåelse.*